



DET KONGELIGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

NVE 2001/0359 - 19
S.beh.: 1 KTV2 / GAG
15 .04. 2002
Arkivkode: 911-511.1
Sek.kode: 042.G
TE dato/sign.:

KDB 2599

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Deres ref

Vår ref  
OED 2001/332 EV ML

Dato

11 APR 2002

**Sunnhordland Kraftlag AS – heving av høyeste regulerte vannstand i  
Midtbotnvatn i Kvinnherad og Etne kommune i Hordaland**

Ved kongelig resolusjon av 5. april 2002 er bestemt:

- " 1. I medhold av vassdragsreguleringsloven av 14. desember 1917 nr. 17 gis Sunnhordland Kraftlag AS tillatelse til å heve HRV i Midtbotnvatnet med 1,0 meter fra kote 770,0 til kote 771,0 på de vilkår som er inntatt i Olje- og energidepartementets foredrag av 5. april 2002.
2. I medhold av vassdragsreguleringsloven § 16 nr. 1 2. ledd, gis Sunnhordland Kraftlag AS tillatelse til allmannastevning.
3. Manøvreringsreglementet for Blådalsvassdraget endres i samsvar med det i ovennevnte foredrag inntatte utkast. "

./.. Vedlagt oversendes kopi av kongelig resolusjon av 5. april 2002 vedrørende ovennevnte.

Tillatelsen gis på samme vilkår som tidligere konsesjon, gitt ved kgl.res. 14.07.89.

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
<http://www.oed.dep.no/>


Kontoradresse  
Einar Gerhardsens plass 1  
Telefon\*  
22 24 90 90 / 22 24 63 01  
Org. nr  
977 161 630

Energi- og  
vassdragsavdelingen  
Telefaks  
22 24 95 68

Saksbehandler  
Marianne Lindholm  
22 24 63 70

./ Videre vedlegges kopi av det endrede manøvreringsreglement for Blådalsvassdraget med den endring som følger av konsesjon av 5. april 2002 gitt til overføring av fire nedbørsfelt fra Svelgenområdet til Møsevatn i Blådalsvassdraget i Hordaland.

Med hilsen

  
Harald Solli (e.f.)  
avdelingsdirektør

*Marianne Lindholm*  
Marianne Lindholm  
førstekonsulent

**Manøvreringsreglement**  
for regulering av  
**Kvandals og Blådalsvassdraget i Etne og Kvinnherad kommuner, Hordaland fylke**  
(erstatte reglement gitt ved gitt ved kgl.res. 01.03.1999 inkl. konsesjoner gitt; 22.10.48,  
20.05.49, 26.10.56, 09.06.61, 12.08.66, 06.11.70, 20.04.77, 14.07.89 og 26.05.95)

(Fastsatt ved kgl.res. 5. april 2002)

1.

*Reguleringer*

Magasin	Naturlig vannstand kote	Reg.grenser		Oppdemm. m	Senkning m	Regul.-høyde m
		Øvre kote	Nedre kote			
Fjellhaugvatn	347,2	374,8	345,2	27,6	2,0	29,6
Staffivatn	422,3	437,0	420,0	14,7	2,3	17,0
Jemtelandsvatn	424,2	437,0	424,2	12,8	0	12,8
Blådalsvatn	673,1	711,1	611,0	38,0	62,1	100,1
Botnavatn	727,8	727,8	710,0	0	17,8	17,8
Midtbotnvatn	735,5	771,0	700,0	35,5	35,5	70,0
Sandvatn	794,9	798,0	797,3	2,6	0	2,6
Ytre Møsevatn	845,0	873,0	851,7	28,0	0	28,0
Indre Møsevatn	851,7	873,0	820,0	21,3	31,7	53,0
Blomsterskardsvatn	1034,1	1034,1	1004,1	0	30,0	30,0
Kvandalsvatn	771,1	771,1	741,1	0	30,0	30,0
Nesjastølsvatn	652,2	652,7	651,7	0,5	0,5	1,0

Reguleringsgrensene skal markeres med faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner. Høydene refererer seg til Sunnhordland Kraftlag AS sitt presisjonsnivellement.

*Overføringer*

Avløpet fra Botnavatn, nedbørfelt oppgitt til 3,7 km<sup>2</sup> blir ført inn på driftstunnelen for Blåfalli III.

Avløpet fra Grønningenbekken ved kote 720, nedbørfelt oppgitt til 2,2 km<sup>2</sup>, blir ført inn på driftstunnelen til Blåfalli III.

Avløpet fra Sandvatn, nedbørfelt oppgitt til 4,2 km<sup>2</sup>, blir overført til Vetrusvatn.

Avløpet fra Vetrusvatn, nedbørfelt oppgitt til 9 km<sup>2</sup> + 4,2 km<sup>2</sup> (Sandvatn), blir overført til Blådalsvatn.

Avløpet fra Blomsterskardsvatn, nedbørfelt oppgitt til 10,4 km<sup>2</sup>, blir overført til Blådalsvassdraget.

Avløpet fra Kvandalsvatnet, nedbørfelt oppgitt til 3,5 km<sup>2</sup> blir overført til Svartatjørn.

Avløpet fra Blåelva, nedbørfelt oppgitt til 17,2 km<sup>2</sup> inklusive overføringen fra Blomsterskardsvatn, sammen med avløpet fra to nedbørfelt ved Sandahorgi, nedbørfelt til sammen oppgitt til 2,1 km<sup>2</sup>, blir overført til Møsevatn.

2.

Dersom det blir bygget terskler i Vikelva skal det slippes en vannmengde på ca. 60 l/sek. fra dammen i Opstveitvatn til vassdraget.

3.

Ved manøvreringen skal det tas for øyet at vassdragets naturlige flomvannføring nedenfor magasinene og overføringsstedene såvidt mulig ikke økes.

Forøvrig kan tappingen skje etter kraftverkseiers behov.

4.

Det skal påses at flomløp og tappeløp ikke hindres av is eller lignende og at reguleringsanleggene til enhver tid er i god stand. Det føres protokoll over manøvreringen og avleste vannstander. Dersom det forlanges, skal også nedbørmengder, temperaturer, snødybde m.v. observeres og noteres. NVE kan forlange å få tilsendt utskrift av protokollen som regulanten plikter å oppbevare for hele reguleringsstiden.

5.

Viser det seg at slippingen etter dette reglementet medfører skadelige virkninger av omfang for allmenne interesser, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fastsette de endringer i reglementet som finnes nødvendige.

Forandringer i reglementet kan bare foretas av Kongen etter at de interesserte har hatt anledning til å uttale seg.

Mulig tvist om forståelsen av dette reglementet avgjøres av Olje- og energidepartementet.

Vedlegg Rnr. 200101359-19  
NVE

**Sunnhordland Kraftlag AS. Heving av høyeste regulerte vannstand i Midtbotnvatn i Kvinnherad og Etne i Hordaland**

*I. Innledning*

Foreliggende sak gjelder søknad fra Sunnhordland Kraftlag AS om heving av høyeste regulerte vannstand (HRV) i Midtbotnvatnet i kommunene Kvinnherad og Etne i Hordaland.

Økningen i magasinvolumet vil gi en midlere årsproduksjon på om lag 2 GWh.

Det er nødvendig med tillatelse etter vassdragsreguleringsloven.

*II. NVEs innstilling*

NVEs innstilling av 11.12.01 lyder som følger:

" NVE har i brev fra Sunnhordland kraftlag AS, datert 25.01.2001, mottatt følgende søknad:

**"Konsesjonssøknad for heving av høgaste regulerte vasstand (hrv) i Midtbornvatnet i Kvinnherad og Etne kommunar**

Sunnhordland Kraftlag AS har utarbeidd ein generalplan for opprusting og utviding av kraftproduksjonen i Blådalsvassdraget. Planen er samansett av 9 delprosjekt med eit samla energipotensiale på knapt 300 GWh/år.

Sunnhordland Kraftlag er i gang med gjennomføringa av planen. Staffi kraftverk vart driftsett mai 2000. Blåfalli V kraftverk er under arbeid og er planlagt driftsett september 2001. Sunnhordland Kraftlag har også inne søknad om ei intern overføring av vatn i Blåelva, frå Svelgenområdet til Møsevatnet. Det er og sendt melding om Blåfalli kraftverk-Vik, som er tenkt å erstatta eksisterande Blåfalli I og Blåfalli II kraftstasjonar.

Eit av dei mindre prosjekta i generalplanen går ut på å heva høgaste regulerte vasstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, frå kote 770,0 til kote 771,0. Dette vil verta gjort ved å byggja på overløpsdammen med 1,0 meter. Midtbotnvatnet er i dag regulert frå kote 700 til kote 770. Det skal ikkje gjennomførast andre bygningstiltak. Det er heller ikkje naudsynt å byggja nye vegar eller kraftlinjer i samband med anleggsarbeida.

Auken i magasinvolumet vil gje ein midlare produksjon på om lag 2 GWh/år. Prosjektet kjem under grensa for handsaming i Samla plan.

I samsvar med Lov om vassdragsregulering av 14. desember 1917 med endringar, og Lov om vern mot forureining av 13. mars 1981, søker SKL med dette om løyve til å

heve høgaste regulerte vasstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, frå kote 770,0 til kote 771,0.

Søknaden omfattar også løyve til oreigning av naudsynte rettar og løyve til stemning til skjønning ved offentleg kunngjering. Oversikt over rettar og eigedomstilhøve er synt i søknaden, kapittel 6.

## **1. Samandrag.**

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eigd av kommunar og kraftlag i Hordaland og Nord-Rogaland. SKL er eit ålmennyttig aksjeselskap som har til føremål å kjøpa og utnytta kraftkjelder og byggje kraftanlegg og overføringsanlegg.

SKL søkjer med dette om løyve til å heve høgaste regulerte vasstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, frå kote 770,0 til kote 771,0. Dette vil verta gjort ved å byggja på overløpsdammen med 1,0 meter. Det skal ikkje gjennomførast andre bygningstiltak. Det er heller ikkje naudsynt å byggja nye vegar eller kraftlinjer i samband med anleggsarbeida. Midtbotnvatnet er i dag regulert frå kote 700 til kote 770.

Auken i magasinvolümet vil gje ein midlare produksjon på om lag 2 GWh/år. Kostnadene med heving av overløpsdammen er rekna til 1,5 millionar kroner. Dette gjev ein utbyggingspris på 0,75 kr/kWh.

Midtbotnvatnet er til dags dato nytta som eit tappemagasin. Oppsamla vatn vert tappa til Blådalsvatnet der det vert nytta i Blåfalli III kraftverk.

Om sommaren er området kring vatnet nytta til beite. På denne tida er det stort sett overløp. Når Blåfalli V vert sett i drift hausten 2001, vil Midtbotnvatnet verta nytta som inntaksmagasin for dette kraftverket. Overløpet vil då bli redusert for å unngå tapt produksjon i kraftverket. Midtbotnvatnet har i dag ei vannoverflate på ca 2500 da. Den auka reguleringshøgda medfører at eit tilleggsareal på ca 30 dekar vert demt ned. Det meste av arealet er bratt og består stort sett av bart gråfjell. Den auka reguleringshøgda medfører av denne grunn små ulemper for beitebruken i området.

Det er sett i gang eit arbeid med å opprette Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområde. Ei konsekvensutgreiing er sett i gong for å få belyst og vurdert mulige konflikter med andre interesser i området. Grensa for undersøkingsområdet er trekt gjennom det sterkt regulerte Midtbotnvatnet, slik at om lag den inste tredjedelen ligg innanfor området som skal konsekvensutgreiast. SKL kan ikkje sjå at ei auka reguleringshøgda på 1 meter påverkar framtidige nasjonalparkplanar i området.

Det er ikkje fisk eller fiskeinteresser i Midtbotnvatnet. I samband med tidlegare undersøkingar ved Midtbotnvatn er det ikkje påvist kulturminne. Tiltaket medfører heller ikkje erosjonsproblem i magasinet. Anleggsarbeida medfører ikkje ulemper for ålmenta.

Frå den tid ein dreiv tunnelarbeid i Inste Botnane er det gått opp og delvis merka ein sti frå Midtbotn til Inste Botnane. Sommaren 2000 merka Kvinnherad Turlag stien med raude "T-ar" frå enden av anleggsvegen og inn til breen. Tiltaket påverkar ikkje turstien.

SKL meiner at tiltaket er lite og konsekvensane på grunn av hevinga er små. Konfliktgraden må difor kunne seiast å være liten.

## **2. Grunngeving for tiltaket.**

For å auka den norske energiproduksjonen basert på fornybare energikjelder, ønskjer styresmaktene mellom anna å prioritere opprusting og utviding av allereie utbygde vassdrag.

Hovuddammen i Midtbotn er bygd med tilstrekkelig høgd og styrke til å tola ei auke i oppdemningshøgda på 1 m. Dette kan gjerast ved å byggja på betongoverløpet med 1,0 m. Tiltaket vil gje ein produksjonsauke på om lag 2 GWh. Kostnadene er rekna til 1,5 millionar kroner, dvs ein utbyggingspris på 0,75 kr/kWh. Sjølv om tiltaket er lite, er økonomien i prosjektet god fordi tidlegare investering i hovuddammen på denne måten kan nyttast betre. SKL meiner tiltaket medfører små konsekvensar og vil derfor søkje om å få heva HRV i Midtbotnvatnet med 1,0 m.

Prosjektet er ein del av SKL sin generalplan for betre utnytting av Blådalsvassdraget, sjå vedlagte brosjyre "Krafttak for framtida", Bilag 2.

## **3. Utbyggingsplanen.**

### **3.1. Innleiing.**

#### 3.1.1. Kort om utbyggjaren.

Sunnhordland Kraftlag AS er eit almennyttig aksjeselskap som har til føremål å kjøpa og utnytta kraftkjelder og byggje kraftanlegg og overføringsanlegg.

Sunnhordland Kraftlag AS er eigd av kommunar og kraftlag i Hordaland og Nord-Rogaland. 76% av aksjane er i offentleg eige direkte.

Sunnhordland Kraftlag AS driv 7 sjølveigande kraftverk i Kvinnherad, Fusa og Stord kommunar. I tillegg er kraftlaget medeigar i Sima kraftanlegg i Eidfjord kommune med ein eigardel på 8,75 %.

Total middel årsproduksjon er 1380 GWh, med ein samla yting på 330 MW.

#### 3.1.2. Tidlegare utbyggingar i området.

Blådalsvassdraget ligg i Kvinnherad og Etne kommunar på sørvestsida av Folgefonna, sjå Bilag 1. Blåelva har sitt utspring på Folgefonna og renn til sjøen inst i Matrefjorden. Vassdraget har ei lengde frå sjøen til Inste Botnane på ca 30 km, med eit nedbørfelt på 165 km<sup>2</sup>. I tillegg er nedbørfeltet til Blomsterskardsvatnet, 10,4 km<sup>2</sup>, overført til Blådalsvassdraget. Blomsterskards-vatnet ligg i Lodalvassdraget som naturleg renn ut på nordsida i Åkrafjorden ved Mosnes.

Frå tidlegare har Sunnhordland Kraftlag AS bygd ut fem kraftstasjonar og ei rekkje regulerings- og overføringsanlegg i Blådalsvassdraget. Kraftutbygginga tok til i 1948 med Blåfalli II.

SKL er no i gong med bygginga av Blåfalli V kraftstasjon. Kraftverket vil etter planen stå ferdig i september 2001. Stasjonen vil få ei maskin med ei yting på 8 MW og tiltaket vil gi ein auke i midlare årleg produksjon på 24 GWh.

SKL har også inne søknad om å overføra vatn frå Svelgenområdet til Møsevatnet. Vidare er det sendt melding om Blåfalli kraftverk-Vik og fremja planar for Samla planhandsaming om overføring av Fonnvatnet og Eikemoelva til Blådalsvassdraget. Alle prosjekta er i samsvar med generalplan for Blådalsvassdraget.

Eksisterande magasin i Blådalsvassdraget utgjer til saman 344 mill.m<sup>3</sup> slik det framgår av tabell 3.1.

**Tabell 3.1. Utbygd magasin i Blådalsvassdraget i dag.**

År	Magasin	HRV	LRV	Volum mill. m <sup>3</sup>	Total mill. m <sup>3</sup>	Merknader
1959	Fjellhaugvatnet	374,8	345,2	22,4	60,4	Demming
1965	Møsevatnet	873,0	820,0	46	202,4	Senking/ Demming
1969	Botnavatnet	727,8	710,0	2,1	204,5	Senking
1975	Blådalsvatnet	711,1	611,0	152	260,5	Senking/ Demming
1976	Staffi-Jemteland	437,0	420,0	13,6	274,1	Senking/ Demming
1992	Midtbotnvatnet	770,0	700,0	102	338,1	Senking/ Demming
1999	Kvandalsvatnet	771,1	741,1	5,1	343,2	Senking
1999	Nesjastølsvatn	652,7	651,7	0,6	343,8	Senking/ Demming

### 3.1.3.Oversikt over eksisterande konsesjonar.

Tabell 3.2 er ein oversikt over dei konsesjonane Sunnhordland Kraftlag AS har i Blådalsvassdraget.

**Tabell 3.2. Oversikt over eksisterande konsesjonar.**

Nr.:	Tekst:	I medhald av:
Nr 1	Tillatelse for SKL til å erverve fallet i Blåelva mellom Fjellhaugen og sjøen	Kongelig resolusjon av 22. okt. 1948
Nr 2	Tillatelse for SKL til å regulere Blådalsvassdraget	Kongelig resolusjon av 20. mai 1949
Nr 3	Tillatelse for SKL til ytterligere reguleringer av Blådalsvassdraget	Kronprinsregentens resolusjon av 26. okt. 1956
Nr 4	Tillatelse for SKL til ytterligere reguleringer av Blådalsvassdraget	Kongelig resolusjon av 9. juni 1961
Nr 5	Tillatelse for SKL til ytterligere erverv, regulering og overføring i Blådalsvassdraget med mer I ovannevnte konsesjon vart tidlegare konsesjonane Nr 1, 2 og 3 endra slik at desse no er gitt på uavgrensa tid	Kongelig resolusjon av 12. aug. 1966
Nr 6	Planendring i konsesjon av 12 aug. 1966 som går ut på at overføring av Sauavatn sløyfes	Kongelig resolusjon av 6. nov. 1970

Nr 7	Planendring og fristforlengelse vedkommende konsesjon av 12 aug. 1966 som bl. a. går ut på endring i reguleringsgrensene for Staffivatnet og Jemtelandsvatn	Skriv frå Departementet av 20. april 1977
Nr 8	Tillatelse for SKL til ytterligere regulering av Midtbotnvatn i Blådalsvassdraget, samt planendring for Botnavatn og Sandvatn	Kongelig resolusjon av 14. juli 1989
Nr 9	Tillatelse for SKL til å drive en tunnel ved Blomsterskardsvatn	Kongelig resolusjon av 26. mai. 1995
Nr 10	Tillatelse for SKL til bygging av Staffi kraftverk samt regulering og overføring av Kvandalsvatn og regulering av Nesjastølsvatn.	Kongelig resolusjon av 1. mars 1999

#### 3.1.4 Tilhøvet til Samla Plan.

Det er ikkje naudsynt med Samla Plan-handsaming for prosjekt med ei produksjonsauke på inntil 5 GWh. Prosjektet med å heva HRV i Midtbotnvatn gjev ein auke i produksjonen på om lag 2 GWh.

#### 3.1.5 Tilhøvet til andre statlege, fylkeskommunale og kommunale planer.

Kommuneplan for Kvinnherad kommune vart vedteken av kommunestyret 29.06.89. Innanfor det aktuelle utbyggingsområdet viser arealplanen landbruk, natur og friluftsområde. Utbyggingsplanen kjem ikkje i konflikt med vedtekne reguleringsplanar i kommunen.

Det er planar om ein framtidig nasjonalpark i området. Fylkesmannen i Hordaland sende 22.12.98 ut melding om oppstart av verneplanarbeidet og forslag til konsekvensutgreiingsprogram. Deler av magasinet ligg innafor arbeidsgrensa for konsekvensutgreiinga, sjå Bilag 3.

#### 3.1.6 Namnebruk.

Som hovudregel har vi nytta skrivemåten på NGO-karta i M-711-serien. Der M-711-serien ikkje er detaljert nok, manglar namn, eller skrivemåten strir med lokal praksis, er andre kjelder nytta.

### **3.2 Teknisk plan.**

Dammen i Midtbotn er ein steinfyllingsdam med oppstrøms platetetting i betong. Dammen er bygd etter krava til klasse 1. Dammen har no klasse 2. Den er bygd med slik overhøgde og styrke at det er mogeleg å heva HRV. SKL ønskjer av denne grunn å heve HRV i Midtbotnvatnet med 1,0 m for betre å nytte tidlegare investeringar i dammen. For å få til dette treng ein berre byggja på eksisterande betongoverløp og vederlag slik Bilag 5 syner.

Det er veg fram til arbeidsstaden og det er anleggsstraum i området. Rigg og anleggsområdet for byggjearbeida vert oppe på eksisterande dam, like ved overløpet. Anleggsarbeidet medfører ikkje ulemper for ålmenta.

### **3.3 Hydrologi.**

#### 3.3.1 Hydrologiske grunnlagsdata.



Eit oversiktskart for nedbørfeltet til Midtbotnvatn er synt i Bilag 4. SKL har tidlegare søkt om å overføra vatn frå Svelgenområdet til Møsevatnet for også å nytta vatnet i Blåfalli IV. Overføringstunnelen frå Svelgen er difor tatt med på oversiktskartet i Bilag 4.

### 3.3.2 Vassførings- og vasstandsendingar, restvassføringar.

Den planlagte hevinga av HRV med 1,0 m vil gje ei auke i magasinkapasiteten i Midtbotnvatnet på vel 2 %, eller 0,7 % i Blådalsvassdraget. Endringa er så liten at den ikkje vil påverka bruken av magasina eller restvassføringar i Blådalsvassdraget.

### 3.3.3 Vasstemperaturendringar, istilhøve.

Det er ikkje venta endringar i istilhøve eller endra vasstemperaturar som følgje av tiltaket.

### 3.3.4 Flaumar.

Ei auke på 2,5 mill. m<sup>3</sup> i magasinvolümet vil gje ei minimal ekstra flaumdemping i Blådalsvassdraget. Men av di dette berre utgjer ei 0,7 % auke i det totale magasinvolümet i vassdraget blir flaumtilhøva om lag som før. Overløpsbredda i Midtbotnvatnet blir som i dag.

### 3.3.5 Grunnvatn.

Tiltaket vil ikkje gje merkbare fylgjer for grunnvatnet i området. Det er stort sett fjell i dagen kring heile vatnet.

### 3.3.6 Magasin og magasinfyllingar.

Endringa er så liten at den ikkje vil påverka bruken av magasina eller magasinfyllingar i vassdraget.

## **3.4 Framlegg til manøvreringsreglement.**

Under punkt 1 i dagens manøvreringsreglement for Kvandals- og Blådalsvassdragene skal høgste reguleringsgrense for Midtbotnvatn endrast frå 770,0 (Øvre kote) til 771,0 (Øvre kote).

## **3.5 Elektriske anlegg og kraftlinjer.**

Det vert ikkje bygd nye elektriske anlegg eller kraftlinjer i samband med tiltaket.

## **3.6 Installasjon.**

Overføringa vil ikkje gje nokon nye kraftstasjonar eller nokon auke i installasjonane. Det vert berre ei marginal endring i brukstida for Blåfalli V.

## **3.7 Kostnadsoverslag.**

Kostnadene pr 01.01.00 er kalkulert til 1,5 mill. kr. Dette er kostnader til påbygginga av overløpsdammen, hovudsakleg betongarbeid, inkludert planlegging, administrasjon, finansieringsutgifter m.m. Dette gjev ein utbyggingspris på ca. 0,75 kr/kWh.

## **3.8 Byggjeprogram.**

Ein tek sikte på bygging over ein kort sommarsesong, sjå Bilag 8.

## **4 Føremonar ved tiltaket.**

### **4.1 Kraftproduksjon.**

Prosjektet vil gje ca 440 nye naturhestekrefter, utrekna etter Vassdragsreguleringslova sine retningslinjer. Det er venta at hevinga vil gje ei auke i midlare energiproduksjon på om lag 2 GWh/år.

#### **4.2 Andre føremonar.**

Det er ikkje planlagt nokon nye veger eller andre inngrep i samband med hevinga av overløpet. Det er difor ikkje venta andre føremonar av tiltaket enn auka kraftproduksjon.

#### **5 Om skader og ulemper – verknader av tiltaket.**

Tiltaket går ut på å heve vannstanden med ein meter ved påbygging av overløpsdammen. Tiltaket er difor lite og medfører små inngrep. Ulempene er i første rekkje knytt til neddemming av areal. Den totale vassoverflata ved HRV i Midtbotnvatnet er ca 2500 da. Terrenget langs Midtbotnvatn går for det meste bratt ned i magasinet. For å berekne arealet som vert demt ned er det laga ein terrengmodell av det digitale kartgrunnet basert på femmeters koter. Berekninga syner at ca 30 da blir demt ned som fylgje av tiltaket, dvs ei auke på ca 1% av overflatearealet.

På det neddemte arealet veks det noko gras, men for det meste er det bart fjell som vert sett under vatn. Fjellområda kring Midtbotnvatnet vert i dag nytta til sauebeite. Av di området som vert demt ned er lite og til dels svært bratt, medfører ikkje tiltaket at området blir mindre attraktivt til beiting.

Det er sett i gang eit arbeid med å opprette Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområde. Fylkesmannen har kome fram til avgrensing av eit område som skal konsekvensutgreiast. Grensa er trekt gjennom det sterkt regulerede Midtbotnvatnet, slik at om lag den inste tredjedelen ligg innanfor det området som skal konsekvensutgreiast. Arbeidsgrensa for Folgefonna nasjonalpark er trekt opp med liten grad av detaljering. Dette er gjort for å få belyst og vurdert moglege konflikter med andre interesser i området. Prosjektet er lite og medfører små konsekvensar. SKL meiner difor at det ikkje kan være rett å avslå søknaden på bakgrunn av nasjonalparkplanen.

Miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare utført fiskeundersøkingar i Midtbotnvatnet, jfr. "Fiskeribiologiske granskningar i Blådalsvassdraget, Harald Sægrov april 1983". Rapporten konkluderer med at Midtbotnvatnet med tillaupselvar er fisketome og at levevilkåra for fisk er ekstreme.

I samband med tidlegare undersøkingar ved Midtbotnvatn er det ikkje påvist kulturminne.

Det er ingen erosjonsproblem i magasinet i dag. Situasjonen vil ikkje bli endra på grunn av hevinga av overløpet med 1,0 m.

Frå den tid ein dreiv tunnelarbeid i Inste Botnane er det gått opp og delvis merka ein sti frå Midtbotn til Inste Botnane. Sommaren 2000 merka Kvinnherad Turlag stien med raude "T-ar" frå enden av anleggsvegen og inn til breen. I godvêr er dette ein fottur fram og tilbake på 6 - 7 timar. På to plassar går stien nært vatnet. På ein plass vil vatnet kunne nå heilt i stien, men vatnet vil ikkje gå over han. Det er derfor ikkje naudsynt å flytta stien. Sjå elles kart og bilde i Bilag 6 og Bilag 7.

## **6 Rettar- og eigedomstilhøve.**

### **6.1 Utbyggjar sine rettar og eigedomar.**

Sunnhordland Kraftlag AS eig størsteparten av fallrettane i Blådalsvassdraget. Like eins har selskapet innløyste rettar til å føreta vassdragsregulering og utbygging i området. Som eigar av gnr. 104 bnr. 4, Bjørnebøle, gnr. 251 bnr. 3 og 4, Fjellhaugen i Kvinnherad kommune og gnr. 95 bnr. 8, Eikemo i Etne kommune har Sunnhordland Kraftlag AS dei nødvendige rettane til ei vidare oppdemming av Midtbotnvatnet.

For det overførte vatnet frå Blomsterskardsvatnet har kraftlaget gjennom tidlegare avtalar med eigarane av gnr. 99 bnr. 1, Lundal i Etne kommune, kjøpt rettane til å nytta det overførte vatnet i Blådalsvassdraget. Denne retten er avgrensa til utnytting av vatnet frå det som i dag er HRV på kote 770 i Midtbotnvatnet, og til sjøen.

### **6.2 Rettar som må innløysast.**

Retten til å nytta det overførte vatnet frå Blomsterskardsvatnet på den ekstra meteren frå kote 770 til kote 771, må erstattast.”

## **Høring og distriktsbehandling**

Søknaden har vært kunngjort og sendt på høring på vanlig måte. Vi har mottatt følgende uttalelser til søknaden:

**Kvinnherad kommune** uttaler i brev datert 14.05.2001 følgende:

”Vi viser til søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om heving av høgaste regulerte vasstand i Midtbotnvatn med 1 m frå kote 770 til kote 771.

Vi viser vidare til eit møte som SKL hadde med kommunen 30.01.01 der dei orienterte om planane. På dette møtet var det også med representantar for dei som har beitedyr i området.

Inngrepet må reknast som marginalt i høve til dei interessene kommunen skal ivareta. På det ovanfornemnde møtet vart det stilt ein del spørsmål til kor vidt den omsøkte hevinga ville berøra stien langs Midtbotnvatn til Kjerringbotn og Svelgen. Den siste tida er det registrert auka ferdsel i området, både på og langs Midtbotnvatnet. Dette inneber at det kan vera behov for sikring av utsette parti av stien. Vidare kan det vera aktuelt å sikra overløpet t.d. med ei lense.

Området er i kommuneplanssamanheng LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) Utbyggingsinteressene i området er knytt til SKL si kraftutbygging.

Kvinnherad kommune har i utgangspunktet ingen merknader til SKL sine planar om heving av høgaste regulerte vasstand med 1 m. Kommunen vil likevel be om at SKL føretek nødvendig sikring av stien rundt Midtbotnvatn og vidare vurderer å sikra overløpet.”

**Etne kommune – Seksjon bygdeutvikling** sender i brev datert 21.05.01 kopi av F-sak 051/01 til orientering. Fra saksutredningen refererer vi følgende:

### **”Vurdering:**

Rådmannen ser ikkje nokon grunn til å gå imot denne søknaden, så lenge det framgår at ulempene er små og klart blir oversteget av nytteverdien ved tiltaket. Vi ser heller ikkje behovet for å krevje oppfølgjande undersøkingar eller avbøtande tiltak, og det er tvilsamt om vi har krav på særleg ulempeskompensasjon. Eikemo-folket er informert om tiltaket, og SKL har allereie rettane som trengst for hevinga. Delar av Midtbotnvatn ligg innanfor arbeidsgrensa til utgreingsprosjektet for Folgefonna Nasjonalpark og Landskapsvernområde. Søknaden synast å vere såpass lite i konflikt med verrieverdiar at det ikkje vil vere rett å stoppe den på grunn av vernearbeidet (som framleis vil ta mange år). I dette ligg og det faktum at Midtbotnvatn allereie er påverka av ei regulering på 70 m, og at vi såleis snakkar om ei marginal auke. Derimot kan andre av kraftprosjekta i SKL sitt nedslagsfelt vere meir i konflikt med vernekriteria, men dette varierer og må vurderast frå sak til sak.

I høve til overnemnte ønske om ein litt meir forplikande totalgjennomgang av fleire kraftprosjekt i SKL sitt nedslagsfelt, så må eit oppstartmøte vurderast i høve til kapasitet. Dersom vi først startar ein prosess, vil det og krevje ein del førebuing og oppfølging. SKL har ved fleire høve vore på vitjing i Etne Formannskap, for å informere om planlagte prosjekt og andre saker. Kanskje kan det vere ei start å invitere selskapet til eit møte etter sommarferien, der neninte tema kan takast opp.

### **Tilråding frå rådmannen:**

Etne kommune har ingen merknader til Sunnhordland Kraftlag AS sine planar om å heve høgaste regulerte vasstand i Midtbotnvatn med 1,0 m frå 770 til 771 m.

Etne kommune vil ta initiativ overfor SKL, til ein meir heilskapeleg gjennomgang av føreliggjande planar og andre registrerte kraftprosjekt i våre områder.

### **08.05.2001 Formannskap**

#### **F-051/01 VEDTAK:(samrøystes)**

Etne kommune har ingen merknader til Sunnhordland Kraftlag AS sine planar om å heve høgaste regulerte vasstand i Midtbotnvatn med 1,0 m frå 770 til 771 m.

Etne kommune vil ta initiativ overfor SKL, til ein meir heilskapeleg gjennomgang av føreliggjande planar og andre registrerte kraftprosjekt i våre områder”

**Hordaland fylkeskommune** har gitt følgende uttalelse, datert 15.05.2001:

”Vi viser til brev dagsett 08.02.01 der Hordaland fylkeskommune er bedden om å gje fråsegn til Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) sin søknad om å heve høgste regulerte vasstand i Midtbotnvatn med 1 m, frå kote 770 til kote 771.

#### Utbygging

Midtbotnvatn er i dag eit tappemagasin med regulering på 70 m, frå kote 700 til kote 770, og vert i dag tappa til Blådalsvatn der det vert nytta til produksjon i Blåfalli III kraftverk. Frå hausten 2001 vert Midtbotnvatn inntaksmagasin for Blåfalli V når dette vert sett i drift. Om høgste regulerte vasstand vert heva med 1 m vil kraftproduksjonen

auke med 2 GWh, til ein utbyggingspris på 0,75 kr/kWh. Det er veg og straum i området, og tiltaket krev ikkje at det vert gjort andre byggetiltak enn å støype på eksisterande damkonstruksjon. Då tiltaket er under 5 GWh er det ikkje trong for vurdering i Samla Plan for vassdrag.

Det har vore ein rekkje utbyggingar i Blåfalli dei siste 50 åra, og gjennom generalplan for Blådalsvassdraget syner SKL at dei ønskjer å gjere fleire tiltak i området for å oppruste og utvide del anlegga som allereie er bygd. Fleire av desse er allereie meldt eller søkt konsesjon for. Overføring av vatn frå Svelgen til Møsevatn like ved Midtbotnvatn er eit av desse.

#### Tilhøve ved vatnet

Terrenget kring Midtbotnvatn er til dels bratt og består for det meste av bart fjell, men det er og noko gras. SKL har estimert at neddemma areal som følgje av tiltaket vert på om lag 30 dekar. Fjellområda kring vatnet vert om sommaren nytta som sauebeite. Utbyggjar meiner at tiltaket ikkje vil medføre at området vert mindre attraktivt til beiting då arealet som vert neddemma er lite og til dels svært bratt.

Ein sti frå Midtbotnvatn til Inste Botnane som vart etablert i samband med tunnelarbeid i Inste Botnane, vart i år 2000 merka med raude "T-ar". Ein kan gå frå anleggsvegen og inn til breen, og på to stader går stien nær vatnet. Om reguleringshøgda vert heva med 1 m vil vatnet nå opp til stien på ein plass, men ikkje over den. SKL meiner det ikkje vil vere trong for å flytte stien.

1/3 av det sterkt regulerte Midtbotnvatn ligg innafor det området som skal konsekvensutgreiast i samband med oppretting av Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområde. Arbeidsgrensa er trekt opp med liten grad av detaljering, der tanken er å sette lys på interesser og moglege konflikter i området. SKL meiner at å auke reguleringa av Midtbotnvatn frå 70 til 71 meter er eit lite prosjekt som medfører små konsekvensar, og at det ikkje vil vere rett å avslå søknaden på bakgrunn av nasjonalparkplanane

I følgje konsesjonssøknaden er det ikkje konflikt med fiskeinteresser eller kulturminne. Midtbotnvatn og elvane som renn inn i vatnet vart erklært som fisketomme i ein rapport frå Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland i 1983, og i samband med tidlegare undersøkingar ved Midtbotnvatn vart det ikkje påvist kulturminne.

#### Vurdering

Til Fylkesplan for Hordaland 2001-2004 er det vedteke følgjande retningsline om energiproduksjon:

Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvenlege og fornybare energikjelder, utan store konsekvensar for verdifulle natur-, friluft- og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområde.

Opprusting og utviding av eksisterande kraftanlegg er ofte av dei mest skånsame måtane å skaffe samfunnet meir kraft. Vasskraft er ei fornybar energikjelde, og ut frå dei opplysingane som ligg føre er Hordaland fylkeskommune samd i at tiltaket medfører få konflikter. Lokaliseringa nær/i den framtidige Folgefonna nasjonalpark

og landskapsvernområde er det vesentligaste momentet i vurderinga av om ein bør tillate tiltaket eller ikkje. Då Midtbotnvatn allereie er regulert 70 meter er området i dag sterkt prega av kraftutbygging, og ei meirregulering på 1 m vil ha små negative tilleggskonsekvensar.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune vil ikkje gå i mot at Sunnhordland Kraftlag AS vert gjeve løyve til å heve høgste regulerte vasstand i Midtbotnvatnet med 1 m. I konsesjonsvilkåra må det inngå vanlege vilkår om kulturminne, jmf § 9 i kulturminnelova. Det bør og inngå vilkår som innber at SKL må koste ei eventuell omlegging av stien om det syner seg at tilleggsreguleringa likevel medfører at stien vert mindre farbar. ”

**Fylkesmannen i Hordaland** gir følgende uttalelse, datert 11.05.2001:

”Vi syner til Dykkar brev av 08.02.01.

Sunnhordland Kraftlag AS søker om løyve til å heve høgaste vasstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, frå kote 770,0 til 771,0 ved at overløpsdammen vert bygt på 1,0 m. Det skal ikkje gjennomførast andre bygningstiltak ut over dette. Det er heller ikkje naudsynt å byggje nye vegar eller kraftlinjer i samband med anleggsarbeida.

Den auka reguleringshøgda medfører at eit tilleggsareal på ca 30 da vert demt ned. Det meste av arealet er bratt og består stort sett av bart gråfjell. Området vert i nokon grad nytta som beiteområde for sau.

Arbeidsgrensa for undersøkingsområdet for konsekvensutgreing for verneplan for Folgefonna er tidlegare trekt gjennom det sterk regulerte Midtbotnvatn. Denne grensa er endra slik at heile Midtbotnvatn no ligg utanfor undersøkingsområdet.

Arealet som vert sett under vatn består for det meste av bart fjell med noko gras og anna vegetasjon innimellom.

Fylkesmannen føreset at den planlagte reguleringa ikkje går over friluftinteressene i området.

### **Konklusjon/tilråding**

Den planlagte hevinga av Midtbotnvatn med 1,0 m vil, etter fylkesmannens vurdering, medføre små negative konsekvenser for dei interessene fylkesmannen er sett til å ivareta. Fylkesmannen tilrår at det blir gjeve konsesjon slik det er søkt om.”

**Landbruksdepartementet** meddeler i brev datert 16.05.2001 at de ikke har merknader til søknaden.

**Direktoratet for naturforvaltning** uttaler i brev datert 11.05.2001 følgende:

”Viser til oversendelse fra NVE datert 08.02.2001.

### **Bakgrunn**

Sunnhordland Kraftlag AS søker om å heve høyeste regulerte vannstand i Midtbotnvatnet i Blådalsvassdraget. Heving av HRV kan enkelt foretas ved at overløpsdammen påbygges 1 meter. Søker opplyser at det ikke er behov for andre tiltak på dammen; den er dimensjonert for å tåle en høyere vannstand. Midtbotnvatnet er i dag regulert med 70 m, fra kote 700 til kote 770. Økt magasinivolum vil å gi en produksjonsøkning på ca. 2 GWh. Strandsoner på ca. 30 da vil bli berørt av hevingen.

#### **DN's vurdering**

Sammenliknet med andre tiltak i Blådalsvassdraget er det omsøkte tiltak lite. Den direkte energigevinsten er liten men utbyggingsøkonomien er god. Negative effekter av inntil en meters heving av regulerings høyden i Midtbotnvatnet synes marginale; dagens regulering er på inntil 70 meter. Det kan heller ikke påvises spesielle verdier i de strandområdene som blir påvirket av hevingen. Dersom reguleringen allikevel skulle vise seg å berøre allmenne interesser forutsettes regulanten å iverksette avbøtende tiltak. Det vises her spesielt til at merket tursti på et sted passerer svært nær Midtbotnvatnet.

#### **DN's tilråding**

DN vil ikke motsette seg at det gis tillatelse til å heve HRV i Midtbotnvatnet med inntil 1 meter.”

**Riksantikvaren** gir følgende uttalelse, datert 27.02.2001:

”Riksantikvaren viser til brev av 08.02.01 vedlagd kunngjøring av søknad om løyve til å heve høgaste regulerte vasstand i Midtbotnvatnet med 1,0 m.

Direktoratet viser til Hordaland fylkeskommune sin fråsegn som ivaretek kulturminneinteressane i saka. Riksantikvaren vil gje fråsegn til NVE sin innstilling ved eventuell førespurnad frå Miøjøverndepartementet, før endeleg vedtak i OED.”

**Statens vegvesen – Vegdirektoratet** gir i brev datert 06.04.2001 uttrykk for at de ikke har merknader til foreliggende søknad.

**Statens vegvesen – Hordaland vegkontor** uttaler i brev datert 20.03.2001 at de ikke har merknader til søknaden.

**Bergvesenet** uttaler i brev datert 01.03.2001 at de ikke har merknader til søknaden.

#### **Sunnhordland kraftlag ASs kommentarer til uttalelsene**

Sunnhordland kraftlag AS har fått oversendt uttalelsene, og gir i brev datert 25.07.2001 følgende kommentarer til disse:

”Innleingsvis konstaterer vi at det ikkje er negative innvendingar til hevinga av HRV i Midtbotnvatn med 1 m og få kommentarar til konsesjonssøknaden.

Det kjem fram i uttalane fra Kvinnherad Kommune og Hordaland Fylkeskommune at SKL må koste ei omlegging og sikring av stien frå Midtbotn til Inste Botnane der han ligg tett mot vatnet dersom hevinga på 1,0 meter av overløpet medfører at stien blir mindre farbar.

SKL vil ved første høve etter at den nye reguleringshøgda er tatt i bruk kontrollere dei aktuelle stadane. Dersom det syner seg at stien blir mindre farbar på trass av at tidligare undersøkingar syner at dette ikke vil skje vil vi sjølvstakt straks utbetra og sikra stien på desse stadane.

I uttalen frå Etne Kommune kjem det fram at Etne kommune vil ta initiativ overfor SKL, til ein meir heilskapelig gjennomgang av føreliggjande planar og andre registrerte kraftprosjekt i Etne kommune sine områder. SKL ser positivt på dette, og vil ta kontakt med Etne Kommune med sikte på å kunne møtast rett etter ferien 2001.

Ut over dette har vi ingen kommentarar til uttalanene.”

## **Norges vassdrags- og energidirektorats merknader**

### **Søknaden**

Sunnhordland Kraftlag AS har utarbeidet en generalplan for opprusting og utviding av kraftproduksjonen i Blådalsvassdraget. Planen er sammensatt av 9 delprosjekt med et samlet energipotensiale på knapt 300 GWh/år.

Midtbotnvatnet er i dag regulert fra kote 700 til kote 770. Ett av de mindre prosjektene i generalplanen går ut på å heve høyeste regulerte vannstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, fra kote 770,0 til kote 771,0. Dette vil bli gjort ved å bygge på overløpsdammen med 1,0 meter. Dammen i Midtbotn er ein steinfullingsdam med oppstrøms platetetting i betong. Dammen er bygd etter kravene til klasse 1, men den har nå klasse 2. Den er bygd med slik overhøyde og styrke at det er mulig å heve HRV med 1 meter.

Det skal ikke gjennomføres andre bygningstiltak. Det er heller ikke nødvendig å bygge nye vegger eller kraftlinjer i forbindelse med anleggsarbeidene. Når Blåfalli V blir satt i drift høsten 2001, vil Midtbotnvatnet bli benyttet som inntaksmagasin for dette kraftverket.

Økningen i magasinvolument vil gi en midlere årlig produksjon på om lag 2 GWh. Prosjektet kommer dermed under grensen for behandling i Samla plan.

I samsvar med Lov om vassdragsregulering av 14. desember 1917 med endringer, og Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981, søker Sunnhordland Kraftlag AS om tillatelse til å heve høyeste regulerte vannstand (HRV) i Midtbotnvatnet med 1,0 m, fra kote 770,0 til kote 771,0.

Søknaden omfatter også tillatelse til ekspropriasjon av nødvendige rettigheter og tillatelse til stemning til skjønn ved offentlig kunngjøring.

### **Oppsummering av tiltakets virkninger**

#### Fordeler

Tiltaket gir en økning i produksjonen på anslagsvis 2 GWh.

#### Ulemper

Tiltaket fører til en økning av vannets overflateareal på ca 1 %, som medfører at ca 30 da. blir satt under vann. Fjellområdene rundt vannet blir i dag benyttet til saubeite. Arbeidsgrensen for det planlagte verneområdet Folgefonna nasjonalpark og



landskapsvernområde krysser Midtbotnvatnet. Det går en merket tursti nær vannet. Vannet vil etter tilleggshevingen gå opp til stien, men ikke over.

### **Andres vurdering**

Kvinnherad kommune uttaler at det kan være behov for sikring av utsatte partier av stien langs Midtbotnvatnet. De ber om at Sunnhordland Kraftlag AS foretar nødvendig sikring av stien og videre vurderer å sikre overløpet. For øvrig regnes inngrepet som marginalt i forhold til de interessene kommunen skal ivareta.

Etne kommune uttaler at tiltaket ser ut til å være i overvekt positivt ut i fra en samfunnsmessig vurdering. Kommunen ser ikke behovet for å kreve oppfølgende undersøkinger eller avbøtende tiltak. De har derfor ingen merknader til planene.

Hordaland fylkeskommune bemerker i sin uttalelse potensielle problemer med stien fra Midtbornvatnet til Inste Botnane, som er merket som tursti. Fylkeskommunen mener det bør inngå i konsejonsvilkårene at Sunnhordland Kraftlag AS må koste en eventuell omlegging av stien om det viser seg at tilleggsreguleringen medfører at stien blir mindre farbar. Det bør også inngå vanlige vilkår om kulturminner, jfr. § 9 i kulturminneloven.

Fylkesmannen i Hordaland påpeker at arbeidsgrensen for verneplan for Folgefonna er endret, slik at hele Midtbotnvatnet nå ligger utenfor undersøkingsområdet. Fylkesmannen forutsetter at den planlagte reguleringen ikke går ut over friluftinteressene i området, og tilrår at det blir gitt konsesjon slik det er søkt om.

